



Asfaltlegging i mørkret onsdag kveld – men berre eitt lass! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Tru det eller ei, men då mørkret fell på onsdag dukka det opp eit asfalteringsmannskap i Uskedalen, frå firmaet NCC. Det har i oppdrag å asfaltera starten på Geilo (den som er kommunal) og greina ned til Uskedalen Oppvekstsenter.**

Uskedalingane har venta i mange år på asfalt på denne vegstubben, som i eit lesarinnlegg i uskedalen.no i sommar vart samanlikna med eit uttørka elvefar.

Men det var ikke verd å venta for mykje dette året, fekk vi høyre.

Likevel: Utpå haustparten lova kommunen at asfalten skulle komma innan utgongen på oktober.

Det heldt ikkje, men kanskje no???

Ein skal aldri gleda seg for tidleg når ein ventar på asfalt.

- Vi har berre med oss eitt lass, sa karane og la asfalten på vegen oppover frå oppvekstsenteret. Det såg lekkert ut.

- Kjem dykk att i morgon, spurde uskedalen.no.

- Nei, då skal vi til Matre, var svaret.

- Kanskje vi kjem att til veka, la karane til.

Så det er framleis von i hangande snøre, som han sa, statsministerkandidaten.

Matti